

Gula Tidend, Bergen

3.11.38

Radi

Oxford

Kritikk

av H. J.

„Mellem brødre“ er ein ny programpost som me høyrde fyrste gong tysdag. Det synte seg å vera eit norderlendsk samtaleprogram, der målsmenn for kvar tjud i Norderlandi frihuga skal segja grannefolki sanningi um sitt eige folk og um deim. Ordskiptet var pynteleg og pent denne gongen, dei svipa nok burt på Grønlandssak og anna sovore, men nokor alvorleg dryfting vart det ikkje til, og det vert det vel ikkje seinare heller.

Frå norsk side tala professor dr. A. W. Brøgger, og innleggi hans var små oratoriske meistarverk med biletrikdom og diktarflukt. Ikkje alle tala like lettført, serleg finnlendingen hadde vanskar med å målbera tankane sine, venteleg av di svensk ikkje var det målet han nytta til dagleg. Han strika for resten under at det var ikkje „ställningtagen“ i språkstriden når han „svenska“ her, det var eit praktisk spursmål: han laut tala svensk, skulde grannefolki skyna honom. Han nytta høvet til å segja frå at finsk var ikkje det same som svensk i Finland, som mange — jamvel i Norderlandi synest tru — og gav elles ymse opplysningar um målstriden i Suomi.

So gav vel talsmannen for Noreg noko rettleiding um måltilhøvi her i landet og då, særleg frå at det målet han sjølv tala, hev ikkje rett på namnet norsk? For det grannefolki veit um måltilhøvi hjå oss er so skeivt og rangsnutt det kan verta so opplysning er turvande. Men professoren nemnde ikkje målkøyvingi, det var som me berre hadde eitt mål her i landet: det han sjølv nytta.

Um norsk nasjonalkjensle tala han både lenge og vel, um „den gode, sunde norske nasjonalfølelse som betyr noe som ferment i det felles nordiske“, og han nemnde nasjonalkjensla hjå diktarane, han tala um Holberg og han tala um Kinck. Eg sat berre og venta at han skulde nemna Aukrust og, men det var stuttenkt av meg, sakte høvde ikkje ein norskdomsmann i so fint lag, og Aukrust hadde fulla ikkje noko han skulde ha sagt um den norske folkesjeli, berre Kinck kjende henne til botnar.

Finsk målstrid var elles framme i ei onnor norderlendsk sending denne vika, ei Oxfordstilling som vart kringkasta, med vitnemål og alt som til høyrer. Ein finnlending som tala der, vilde løysa målstriden ut frå det tolsame huglaget Oxfordrørsla hadde skapt i honom. Sovori samanblanding av mål og tru hev me havt sume døme på her heime og gudbere.

Dei fleste vitnemåli var ikkje anten betre eller verre enn me er vane med det frå Oxfordfolk. Millom talarane var og ein slik mann som den svenske dikteren Harry Blomberg, som eg for min part gjerne høyrde på. — Men hev kringkastingi tenkt

yver kva konsekvens ei slik sending kan få? Um no alle kyrkjelagi her i landet gjer krav på å få kringkasta vitnemåls møte?

Eit tridje norderlendsk program — „Nordisk marked“ — skulde berre vera til tidkort. Her og var bokmålet einaste målet for Noreg, endå grannefolki skynar norsk like godt som norsk-dansk. Finnlendingane møtte med finske songar dei, um dei so var nøydde til å lata all tale vera svensk. Programmet var elles ikkje noko å kyta av, sumt hadde heller ring kvalitet, endå råma var framifrå. Men so gale som mykje av det dei baud oss fyrr i haust, var det no ikkje. Eg hugsar ei tidtrøyte-sending frå Flekkefjord, og eg hugsar ei frå Fredrikstad — dei var grøtelege.

Gamansprogrammi er noko av det kringkastingi er allra minst heppi med. Og det er leidt. Me treng litt gaman, treng noko som kan friska hugen og få oss i godlag. Men sovorne ringe gamansprogram er verre enn inkje.

Men Radioteatret hev vore heppe no, og den siste framføringi og — Strindberg-stykket „Brandtomten“ — var framifrå. Både Buøen og Egil Eide høver sers godt i radio.

Ein framburd eg høyrde på med hugnad, var den tala Sverre Hagerup Bull heldt um Bach. Ikkje berre fyrebudde han oss på ein dugande måte til den Bachkonserten som kom etterpå og gav oss eit bilete av den store tonemeisteren, men han gav og morosame skildringar av barok- og rokokkotidi. Ei onnor musikk-utgreiding hadde Alf Due. Emnet hans var turraste musikkteorien, som fekk meg til å minnast ævelange, trøyttande speltimar i barnedagane. Men Ada Kramm og Alf Due var ikkje trøyttande, dei greidde verkeleg å få liv yver emnet.

Dei siste vikone hev havt sume gode psykologiske utgreidingar, sist tala statsadvokat Arctander um dei menneski som er sjeleleg veike. Han såg på deim frå juridisk synsleite helst, med det var ein jurist som ikkje vanta anten psykologisk skyns- emd eller varm medkjensle.

Bokrødne hev teke til for ålvor no. Bladstyrar Ole Øisang sytte for tvo bokmålsbøker og lektor Dale las upp den meldingi um siste Duun-boki som han alt fyrr hadde prenta i eit blad.

Sers forvitnelegt var det å høyra ein dansk dr. phil. — Hakon Stangerud — som hadde diktarpresten Kai Munk til emne for ei „Set-og-høyr“-røde, og analysera verki hans grundig og godt på den stutte tidi. Like eins var stud. jur. Kramer hag som greidde å persa liv og lagnad ut or dei turre talrekkjone i „Statistisk årbok“.

Eg lyt få segja bladstyrar

3550 GOL

TLF. 067 - 74 270

2200 KONGS

EIDEMSGT.

TLF. 066 - 1 45 91

TLF. 03-73 15 00

Joleik takk for godordi han gjev umrødne mine gong etter gong i bladet sitt. Men Joleik hev mistydd meg når han no sist trur eg meiner det er heilt visst at genitiv på sin er komen inn i norsk frå lågtysk. Når eg kalla denne genitiv-umskrivningi „garpegenitiv“, var det av di det er det vanlege, populære namnet på henne.

Dette er elles ting som er lite granska enno, so ein kan ikkje segja visst anten segjemåten er komen frå tysk eller hev rot i norsk. Men endå um eg kjende meg heilt stød på at det er soleis som Joleik segjer — at sin-genitiven hev vakse fram på heimleg grunn — vilde eg like vel råda folk frå å bruka honom. (Og der er gode sunnfjoringar og, som segjer det, professor Gjelsvik t. d. hev åtvara mot garpegenitiven meir enn ein gong).

Der kan nok vera tilfelle, der garpegenitiven fell lagleg, men som tidast verkar han keiveleg og tung. Og verre er: han freistar folk til å nytta „sin“ mekanisk alle stader der dei er vane med å finna genitiv i dansk, i staden for å ordleggja seg på norsk gjerd. Og me fær slike fæle ting som: at „slær ein på klokka, merker ein bresten i klangen sin reinleik“ (som Eskeland hermer or ei bok) og at dei „lever uppatt livet i 1850-åra sitt bondesamfund.“ Kvar dag gjev nynorske blad oss døme på det.

Oxfordmøtene paa Sand samler fulle hus.

Haugesunds Dagblad 5. 11. 38

150 til 200 tilreisende fra Haugesund, Stavanger, Sandnes og Sands nabobygder.

Oxfordmøtet paa Sand hadde samlet mange mennesker, baade unge og eldre, tilreisende fra Stavanger, Haugesund, Sandnes og Hylsfjorden. Møtet begynte med et houseparti paa Kaarhus Hotel torsdag kveld. Fru Ramson ønsket velkommen og møtet blev ledet av lærer Mittun. Alle tilstedeværende presenterte sig og mange avla korte vidnesbyrd som var preget av takknemlighet for det som livet med Kristus hadde gitt dem, ønsket om styrke og fornyelse ved samværet.

Misjonær Skauge talte om synden som vi glemte saa ofte. Den var den store aarsak til alle problemer, sa taleren.

Bededag var det gudstjeneste i kirken som var fylt til siste plass. Stadsfysikus Rønnevig fra Haugesund avla her et vidnesbyrd og klarla hvordan humanismens livsanskuelse uten Gud ikke førte frem til full lykke, hverken for den enkelte, for klassene eller blandt landene.

Sogneprest Messel talte inspirert og inntrengende over dagens tekst og paala de kristne aa bære virkelig god frukt i sitt kristenliv.

Misjonær Kopreitan sluttet gudstjenesten med bønn og

holdt frem betydningen av aa være sterke i troen.

Møtene fortsatte med houseparti paa Kaarhus hotell og møte i kirken igaarkveld. Paa housepartiet ledet Hoff fra Stavanger møtet og i kirken talte sognepresten.

Lørdag blir det stort ungdomsmøte paa Ungdomstunet paa Sand og søndag blir det hjemreise. Møtene omfattes med stor interesse og der er fullt av mennesker paa alle møter. Igaarkveld kom der nye tilreisende fra Stavanger.

Man anslaar at der er mellom 150 til 200 tilreisende fra nabobyer og bygder.

Vedlagt følger...

Vedkurslærarinnar...

For ei lærarinnar i veving...
Post tal i Filjar. Kursar skal...
i 8-10 vikor a 45 t. frå 5. post...
1930. Vikeida kr. 50 a...
Sveipremi. Saksar med...
mål og Filjar skulestyre...
Kjennetegn 25 / d. 1.

Filjar skulestyre 29/10 1938

Kr. Rønnevig

GJENTA, van med st. for g...
frå 15. nov. Gjev opp for...
til O. H. Bjørk, Sletta, Ha...
anger.